

# Gode sirkclar

Nyhetsbrev 03

Mars  
2010

KOMPETANSEDIVEN NÆRINGSUTVIKLING

## Positiv evaluering av Gode Sirkclar

Nyhetsbrevet til Gode Sirkclar orienterer denne gongen om evalueringsrapporten som er utarbeidd av Agderforskning, om selskapet Gode Sirkclar. Frå starten i 2005 har det vore ein premiss frå eigarane si side at det skulle vere ei evaluering etter den første fireårsperioden. Agderforskning fekk tilbodet, og har arbeidd gjennom vinteren til ein 50-siders rapport blei lagt fram for styret 15.mars 2010.

Omtalen er skriven av informasjonsmedarbeidar Vigeleik Brekke i Fjell kommune:

## Gode karakterer til Gode Sirkclar

Ingen andre regionale utviklingselskap i Norge kan førebels syna til noko liknande. Næringsutviklingselskapet Gode Sirkclar har produsert imponerende resultat i den perioden selskapet har eksistert, går det fram av ein evalueringsrapport ført i pennen av Agderforskning. Gode Sirkclar har hjulpet til med at det kom inn midlar på rundt 100 millionar kroner til ulike utviklingsføremål i perioden 2006 - 2010.



Regionen har gode utsikter. Evalueringa av Gode Sirkclar viser både styrke i arbeidet som er utført, og felt som skal styrkast. Fjell, Sund og Øygraden blir kanhende den einaste regionen i Europa som ikkje søkjer vinter-OL - men Kysteventyret ligg her!

Gode Sirkclar vart stifta av kommunane Fjell, Sund og Øygarden i 2005 og inngjekk avtale med SINTEF som fekk det overordna ansvaret for leiing, utforming og utvikling av selskapet. Etter drift i fire år var tida inne for å få vurdert kva selskapet hadde oppnådd, og det vart avgjort at det samfunnsvitenskaplege forskningsinstituttet Agderforskning skulle føreta evalueringa. Styreleiar, Fjell-ordfører Lars Lie, er stolt over resultatet.

Eg er svært godt nøgd med at eit uavhengig forskningsinstitutt som Agderforskning konkluderer med at Gode Sirkclar har produsert imponerende resultat som er eineståande i Norge. Selskapet har ei effektiv organisasjonsform som har gitt stor fridom og kort veg mellom idé og handling. Eg ser likevel at vi kan auka legitimiteten til selskapet ved å ha oftare informasjon til kommunestyra, seier Lars Lie.

Raske resultat

I evalueringsrapporten går det fram at med ordførarane sine posisjonar som både generalforsamling og styremedlemer vart det skapt ei lita, men handlekraftig leiing av selskapet. Med eit stort handlingsrom er det vorte kort kort veg mellom idé og handling. I rapporten kjem det fram at selskapet prioriterte utviklingsprosjekt som ville gje relativt raske resultat etter etableringa. Sentrale prioriteringar som gav konkrete resultat, var arbeidet med å etablere ekspertsenter for undervasssteknologi/NCE Subsea med vesentleg statlig støtte og skiping av høgskuletilbud på Straume. Realfagsatsing frå barnehage til høgskule og praksisnær undervisning har lagt eit godt grunnlag for den kunnskapskrevjande industrien.

I tillegg til den økonomiske gevinsten, sikra denne prioriteringa ei tett samhandling mellom bedrifter og forskningsmiljø.

Andre resultat og tilrådingar i evalueringsrapporten:

Eigarkommunane er nå langt meir samla i synet på Gode Sirkclar enn tilfellet var ved etableringa i 2005.

Selskapet har hjulpet til med å heva regionen sitt omdøme i Hordaland og på Vestlandet.

Gode Sirkclar er avhengig av politisk forankring, og det vert tilrådd å etablere ny rutine for informasjon til kommunestyra.

Ordførarane bør framleis vera kommunane sine representanter i styret, men selskapet bør ikkje underleggjast sterkare politisk styring enn tilfellet er i dag.

Selskapet lukkast ikkje med å innhenta prosjektinntekter som forventa. Løyvingar til Gode Sirkclar må reknast som langsiktige investeringar i ei positiv samfunnsutvikling og ikkje som ei utgift.

Selskapet bør vidareføra organisasjonsmodellen med å sikra seg spisskompetanse frå forskningsmiljø.

Det bør vurderast om det skal opprettast eit servicekontor som kan gje hjelp i meir «kvardagslege» og kortsiktige utfordringar.

Samarbeidet med Vest Næringsråd bør vidareutviklast, mellom anna for å sikra informasjon og marknadsføring.

Måla for utvikling av kultur og turisme bør konkretiserast i ein tidsplan.

Tekst: Vigeleik Brekke - Foto: Kjell Andersland